



## DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Fylkeshuset, Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/3909-4

06.12.2016

### Krav til naudnett i fylkesvegtunnelar

Vi viser til møtet mellom representantar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og statssekretær Kristin Holm Jensen i Kommunal- og moderniseringsdepartementet 22. september i år. Frå fylkeskommunen møtte mellom anna fylkesordførar Jenny Følling og fylkesrådmann Tore Eriksen.

På møtet tok de mellom anna opp kravet til naudsamband i tunnelar i forskrifta for tunnelsikkerheit på fylkesvegane. De viste til at det ikkje er krav om naudnett i tunnelar på over 1 km når årsdøgntrafikken er på under 4 000. På møtet gav de uttrykk for at det burde vere krav om naudnett også i lange tunnelar med trafikk under dette minstemålet, og at fylkeskommunane burde kompenseraast for meirkostnader til dette.

Vi har bedt Samferdselsdepartementet om informasjon om bakgrunnen for kravet om naudnett i fylkesvegtunnelar. Ifølgje Samferdselsdepartementet og Statens vegvesen blei det lagt til grunn same krav til fylkesveg som for riksveg då tunnelsikkerheitsforskrifta blei utarbeidd. Det blei ikkje vurdert strengare minimumskrav til naudnett for fylkesvegtunnelar, og det kom heller ikkje framlegg til endringar i kravet då forskrifta var ute til høyring. Statens vegvesen opplyser vidare at det likevel blir montert naudnett ved bygging av nye tunnelar lengre enn 500 meter, uavhengig av trafikkmengde.

Statens vegvesen rår ikkje til at minimumskrava i forskrifta blir endra, men meiner at det er viktig med naudnett i tunnelar i større omfang enn det som følger av forskrifta. Sams vegadministrasjon gjev fylkeskommunane faglege råd om tiltak i samband med utbetring av eksisterande tunnelar, mellom anna råd om det bør etablerast naudnett ut over krav i forskrifta.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)  
underdirektør

Lars Tore Rydland  
seniorrådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur*